

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 66/2007

Møtedato: 14.11.07

Arkiv nr: S 786

S 786, Kvålsstølen – søknad om sel

Astrid Haugli og Harald Lasskogen søker om å få opp eit nytt sel på 62,3 m² (BYA). Søkjaren ynskjer å rive eksisterande sel på 60 m². Det nye selet er tenkt plassert på tilnærma same tomt som eksisterande sel og med same møneretning.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: Uthus/skåle 11 m², låve/løe 6 m², fjøs 65 m², sel 47 m² og sel 60 m².

Landbrukskontoret har bekrefta at stølen er i bruk til forproduksjon ut frå garden. Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale jf. stølsforskrifta.

Statskog har tilrådd søknaden dersom selet på 60 m² blir fjerna. Veranda på stølshus er det ikkje tradisjon for på stølshus og Statskog ber fjellstyret vera kritisk til å godkjenne slike element i denne og framtidige søknader.

Oppland fylkeskommune tilrår søknaden, men det er viktig å ta omsyn til plassering i terrenget, farge, type panel og takteking, f.eks. bør det brukast skifer i staden for shingel om mulig. Vidare ser dei det som positivt om den gamle lafta bygningen får stå, og at berre den nyaste delen blir rive. Veranda med takoverbygg bør sløyfast og at det i staden blir opparbeidd ein utplass på terrenget.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og gir tilsegn om at det kan førast opp nytt sel i den storleik det er søkt om. Tilsegna blir gjeve på vilkår av at det gamle selet på 60 m² (BYA) blir rive.

Element som veranda, liggande panel, store vindauge i endevegg o.a. er det ikkje tradisjon for på sel. Sel brukar å ha ei meir rektangulær form enn det som er skissert på teikningane. Huset gir ikkje inntrykk av å vera eit tradisjonelt stølshus. Før endeleg godkjenning blir gjeve ber fjellstyret om at det blir oversendt nye teikningar i samsvar med overståande merknader.

Oppland fylkeskommune ser det som positivt at den gamle lafta delen kan bevarast. Søkjaren har opplyst at den lafta delen er så øydelagt ved ulike påbyggingar at det ikkje er skikka til å bruke vidare. Fjellstyret vil derfor ikkje stille som krav at den lafta delen av selet blir ståande.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.10.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Astrid Haugli og Harald Lasskogen
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune, avd kulturvern